

Omsorg for lidande menneske

– kva kan Tolstoj og Kierkegaard opplysa oss om?

Caring for suffering human beings

– what understanding can Tolstoy and Kierkegaard enlighten us with?

SAMANDRAG Omsorg er noko naturleg ved mennesket som er forankra i kjærleiken. Tolstoj sin klassiske tekst «Ivan Iljitsj`død» fører lesaren inn i eit lidande menneske sine siste dagar. Ved å lesa denne teksten i lys av Kierkegaard sine verk «Sygdommen til døden» og «Kjerlighedens gjerninger» får ein forståing for korleis kjærleik kjem til uttrykk gjennom ein ofrande prosess mot forsoning og tilgjeving. Som ein dobbel prosess framstår offer som ein dannande prosess der ein byggjer sin etiske karakter og underkastar omsorga for lidande etiske vilkår.

Nøkkelord

Kierkegaard, kjærleik, offer, omsorg, tilgjeving, Tolstoj

ABSTRACT Care is a natural aspect of human beings and is rooted in love. In Tolstoy's text «The Death of Ivan Ilyich», the reader takes part in the suffering of a human being during his final days. Reading this text in the light of Kierkegaard's «The Sickness unto Death» and «Works of Love» provides an understanding of how love comes to expression through a sacrificial process toward reconciliation and forgiveness. As a dual process, sacrifice emerges as a formative process in which a person can create his/ her ethical character and subordinate caregiving for sufferers to ethical conditions.

Keywords

Kierkegaard, love, sacrifice, caring, forgiveness, Tolstoy

Introduksjon

Omsorg er eit opphavleg og naturleg kjenneteikn ved mennesket, eit vilkår for livet som er avgjerande for å kunna lindra liding (Eriksson, 1987). Den inste kjerna i omsorg er nestekjærleik og barmhjertigheit (Eriksson, 1987). Når ein møter eit lidande menneske med omsorg, realiserer ein det gode, kjærleiken, ifølgje Eriksson (1987). Omsorg er uttrykk for ei etisk haldning som blant anna kjem til syne ved at ein bryr seg om, har omtanke for og tek ansvar for den lidande (Karlsson, Sivonen & von Post, 2017; Söderlund, 2017). Omsorg for lidande menneske er kjerna i sjukepleia si fagutøving der omsorg i form av pleie kjenneteiknar sjukepleia sin særleine funksjon. Denne omsorga har opphav i den naturlege omsorga, i moderskapet, som er prega av nærleik, varme og berøring, ei pleie som er fylt med spontan og vilkårslaus kjærleik (Eriksson, 1987).

Liding er i seg sjølv meiningslaus, men ved å leva gjennom den som eit ontologisk drama, det vil seie som ein kamp mellom liv og død, fellesskap og einsemd, glede og sorg, er det mogleg å forsona seg med realitetane og opna seg for eit nytt liv (Eriksson, 1994; Råholm, 2002). Den djupaste forma for liding er mangel på kjærleik og meiningsfullt fellesskap (Eriksson, 1994). I følge Eriksson (1994, 2018) inneber omsorg for lidande menneske å stadfesta lidinga gjennom pleia, og på denne måten

Kari Marie

Thorkildsen

Ph.D.

Høgskulen på Vestlandet, Fakultet for helse- og sosialvitskap, Institutt for helse- og omsorgsvitskap.

✉ kari.marie.thorkildsen@hvl.no

Maj-Britt Råholm

Professor

Høgskulen på Vestlandet, Fakultet for helse- og sosialvitskap, Institutt for helse- og omsorgsvitskap, campus Førde.

✉ maj-britt.raham@hvl.no

fremja kjærleik, tru og håp. Då kan den lidande erkjenna lidinga, forsona seg med situasjonen, og oppleva lindring (Eriksson, 1994). Når dette skjer, kan liding vera ei kjelde til ny innsikt, vekst og modning.

I Tolstoj si forteljing «Ivan Iljitsj' død» (1886/1996) får me ta del i eit menneske sine siste dagar. Denne klassiske teksten fører oss ikkje berre inn i Ivan Iljitsj sin dødsprosess, den er òg ei skildring av menneskeleg liding og korleis omsorg kan bidra til lindring gjennom pleie av den lidande og døande. Forteljinga handlar om den døyande Ivan Iljitsj som har levd eit overflatisk liv fram til han vert sjuk. På dødsleiet kjempar han mellom fortvilning og håp. Tolstoj si forteljing er kjent innan helsefaga, men det har ikkje vore så mykje fokus på tenaren Gerasim si omsorg og pleie av den døyande Ivan Iljitsj, bortsett frå Young-Mason (1988), Taylor (1997), Charlton og Verghese (2010), Floriani og Schramm, (2010), Papadimos og Stawicki, (2011) og Zohouri, Amini og Sagheb (2017). Det har ikkje lukkast å finna publikasjonar der forteljinga er tolka i lys av Kierkegaard sine tekstar.

Ved å lesa «Ivan Iljitsj' død» i lys av Kierkegaard sine verk «Kjerlighedens gjerninger» (1847/1994) og «Sykdommen til døden» (1849/1994), vert den ontologiske dimensjonen ved liding og død løfta fram. Denne lesinga opnar også for forståing av korleis liding og kjærleik er knytt saman gjennom offer, forsoning og tilgjeving (Thorkildsen, 2017). Å reflektera rundt denne forteljinga ved hjelp av Kierkegaard sine tekstar kan opna for djupare innsikt i det ibuande ontologiske grunnlaget som omsorg og pleie av lidande og døyande menneske ber på.

Handlinga i Tolstoj si forteljing «Ivan Iljitsj' død»

Ivan Iljitsj lever i Russland i siste halvdel av 1800-talet. Han er ein framståande domar som tilhøyrrer den øvre sosiale klassa. Livet hans er retta mot arbeidet, og han finn glede i tanken på makta han har og respekten han får frå andre. Interesse og medverknad i familien avgrensar seg til plikterne og dei ytre rammene som er fastsett av kulturen og samfunnslaget dei tilhøyrrer. Ivan Iljitsj lever i det heile eit isolert og einsamt liv, men sjølv opplever han det lett, komfortabelt og høveleg. Då han er i 40-åra, merkar han ei gradvis aukande smerte i eine sida. Når han til slutt oppsøkkjer lege, møter han unnnvikande svar og ei avvisande haldning. Ivan Iljitsj vert sjukare og sjukare, han forsøker å skjula det, men dei gongene han snakkar

om det som plagar han, opplever han at ingen forstår han. På den andre sida tåler han heller ikkje andre si medkjensle fordi han tykkjer den er falsk. Når han forstår at han er dødssjuk, kjenner han på eit voldsomt hat, samstundes som han kjenner seg meir og meir hjelpelaus, redd og åleine. Disse kjenslene vekslar med håp og optimisme. Berre med tenaren Gerasim kan han snakka om døden, og difor er Gerasim den einaste han ynskjer å vera saman med. I alle sine handlingar viser Gerasim forståing for kva tilstanden til Ivan Iljitsj handlar om, og han gjer ikkje noko forsøk på å skjula det. Sjølv om Gerasim har eit godt handlag og er omsynsfull, synest Ivan Iljitsj det er pinleg og audmjukande å måtta pleiast. Gerasim svarar: «Du er jo sjuk, kvifor skulle eg ikkje pleia deg?» «Me må jo alle døy ein gong. Kvifor skulle ikkje eg hjelpa litt til?» Med dette prøver Gerasim å formidla til Ivan Iljitsj at han ikkje syns det er brysam å pleia han, og han håpar at nokon kan gjera det same for han når hans tid kjem. Ivan Iljitsj forstår at familien og alle andre også veit at han skal døy, og at dei difor unngår han. Livet til Ivan Iljitsj ebbar sakte ut, og han fryktar døden. Han bruker kreftene sine på tankar som dreg merksemda bort frå det som skal komma. Så kjem han til eit punkt då dette ikkje lenger er mogleg, og han må innsjå situasjonen. Livet passerer i revy, og han innser at han ikkje har vore ekte glad og lukkeleg sidan han var barn. Han sørgjer djupt, men det verste er løgna frå alle rundt han som han ikkje har mot til å be dei slutta med. Han innser at dette er slik han sjølv har levd i sitt liv, noko som er svært audmjukande å erkjenne. Det er verre enn dei fysiske smertene. Ivan Iljitsj får eit sterkt ynskje om trøyst frå sine næraste. Han vil at dei skal kjærteikna og kyssa han, gråta over han, slik born vert trøysta og får omsorg. Han skammar seg over dette, og berre hjå Gerasim finn han denne trøysta. Gerasim er den einaste som forstår og som syns synd på han. Så lenge Gerasim held i han og snakkar til han, kjenner Ivan Iljitsj seg betre. Gerasim, som er bondegut, har ei lett og naturleg godheit som rører Ivan Iljitsj. Ansiktet til Gerasim strålar av livsglede, og han har ein forfriskande og samstundes ein beroligande veremåte som får Ivan Iljitsj til å føla seg vel. Men Ivan Iljitsj fortvilar over seg sjølv og han lastar Gud for situasjonen. Han veit at han ikkje kan leva, men vil ikkje døy, samstundes held han ikkje ut korkje dei sjelelege eller fysiske smertene. Han lengtar ikkje tilbake til det livet han har levd, bortsett frå dei tidlege barneåra. Men så hugsar

han plutselig kor rett han har levd og forstår ikkje kvifor han skal straffast slik når han ikkje er skuldig i noko. «Kanskje eg ikkje har levd som eg skulle?» «Men eg har jo gjort alt på ein mønsterægleg måte», seier Ivan Iljitsj til seg sjølv. Og vidare: «Kva gale har eg gjort?» (...) «...eg har øydelagd alt som vart gitt meg.» Slik vekslar den indre dialogen hans mellom ein dråpe håp og eit hav av fortvilning. I denne kampen mellom å vera og å ikkje vera, innseser han at han har levd eit meningslaust og hyklerisk liv utan kjærleik. Lengten etter den gode barndommen trengjer seg på, og alt blir meir og meir sårt og smertefullt. Berre i barndommen var det lyspunkt i livet hans, så vart det berre mørkare og mørkare, større og større lidningar. Forsøket på å rettferdiggjera seg slik han i det siste har prøvd på, har hindra han i å komma vidare. Det er vanskeleg å forsona seg med at han ikkje har levd det livet som han skulle, og han tenkjer at det no er umogleg å retta på det. Han forstår at slutten er kommen og at det ikkje fins noko redning. Ivan Iljitsj skrik «Ne khatsju!»¹ i tre døgn. No har han nådd botnen, men her nede er det noko som lyser opp. «Nei, livet har ikkje vore slik det skulle,...men det er det same. Eg kan enno gjere det godt», seier han til seg sjølv. «Men kva er 'godt'?» tenkjer han så. Då kjem sonen inn, tek handa hans, kysser den og gret. Ivan Iljitsj vert fylt av medkjensle. Kona kjem også inn, ho gret òg. Ivan Iljitsj vert fylt av medkjensle for henne også. «... eg piner dei, dei tykkjer synd på meg, eg må gjera noko», tenkjer han. For fyrste gong uttrykkjer Ivan Iljitsj kjensler for sine næraste, han har vondt av dei og vil frigjera dei og seg sjølv frå all lidinga. Han vil sei «tilgje meg», men seier i staden «Før han ut...eg har vondt av han...Av deg også ...». Det som hadde pint han, slapp no taket. «Så enkelt og så godt», tenkjer han. Han leitar etter den tidlegare dødsangsten, men kan ikkje finna den. Det er inga smerte meir, heller ingen angst. «Og døden? Kor er den?», seier han til seg sjølv. I staden for død er det no lys. «Slik er det altså, for ei glede! ...Døden er slutt...Det er ingen død meir», seier han til seg sjølv.

Kva kan Kierkegaard sei oss om budskapen i Tolstoj si forteljing?

Før Ivan Iljitsj døyr, ber han familien om tilgjeving. Dødsleiet hans ber preg av vegen fram mot denne tilgjevinga, og kan skildrast som det Kierkegaard i «Sygdommen til døden» (1849/1994) kallar fortvilning. Fortvilning, som kan sjåast som ei djup eksistensiell lidning, er hjå Kierkegaard (1847/

1994; 1849/1994) knytt til kjærleikens rørsle, ei ofrande rørsle, som fører fram til forsoning og tilgjeving. Kierkegaard (1849/1994) skildrar fortvilning som ein sjukdom i anden som følgje av at ein ikkje forstår at ein som menneske ber den evige kjærleiken i hjartet sitt og lever avskoren frå den (Kierkegaard, 1847/1994; 1849/1994). Dette er ein dødssjuk tilstand der ein ikkje kan døy lekamleg, det vil seie, ein klarar ikkje å døy, i staden vert det ei form for sjølvfortæring fordi ein har tapt seg sjølv. Som følgje av eit overflatisk, likegyldig og verdsleg liv skilt frå det evige, er ein uvitande om moglegheita som kjærleiken i hjartet ber på (Kierkegaard, 1849/1994).

Ivan Iljitsj si fortvilning framstår i Kierkegaard (1847/1994; 1849/1994) sitt perspektiv som ei pendling mellom tre fasar: å ikkje veta kva det vil seie å tilgje, å ikkje villa tilgje og å villa tilgje. Tilgjeving handlar om å komma heim til seg sjølv, det vil seie, å forankrast i kjærleiken si kjelda som fins i hjartet ved å tru på denne kjærleiken. Då kan ein finna fred med seg sjølv, og slik kan også andre menneske få fred.

Før Ivan Iljitsj vart sjuk, levde han berre i den første fasen, det vil seie, eit liv som føregjekk i det Kierkegaard (1849/1994) kallar det timelige, det vil seie det verdslege, der det å tilfredsstille behov og å leva eit behageleg liv var målet. Ein fortvila kan leva godt i det timelege fordi det er eit liv i egosentrisitet der ein finn glede i karrierejag, materielle verdier og uforpliktande relasjonar. Men dette er eit liv i sjølvbedrag der ein lever i falsk tryggleik fordi ein ikkje forstår at ein som menneske er bestemt som ande (Kierkegaard, 1847/1994; 1849/1994). Etter kvart som Ivan Iljitsj sjuknar til, innseser han at livet hans er fortvila. Han vil først ikkje vedkjenna seg at han har levd et falskt liv, men etter kvart klarar han å ta inn over seg at dei verdslege verdiane han har sett så høgt, berre er eit skin av det verkelege livet, og dette er nesten ikkje til å halda ut. Livet hans har kretsa om han sjølv, ei ego-sentrisk livsførsle utan ekte og inderlege relasjonar med andre menneske. Samvetet plagar Ivan Iljitsj, og han kjempar i ein indre dialog mellom det gode og vonde. Han tek eit oppgjær med kva som har hindra han i å leva som eit ekte og heilt menneske. Ivan Iljitsj kjenner på ei djup einsemd og sorg over at livet hans har vore verdilaust, og lengtar tilbake til dei tidlegare åra i livet då det var omsorg, varme og samhald.

Det er fordi mennesket ber den evige i seg at det kan fortvila, seier Kierkegaard (1849/1994), og det

er i livsavgjjerande situasjonar som alvorleg sjukdom, liding og død at eit menneske kan bli medveten om dette. Kierkegaard (1847/1994) ser fortvilning som eit fortrinn fordi ein då kan bli riven ned slik at ein kan byggjast opp att i kjærleik. Kjærleiken vernar mennesket mot fortvilning (Kierkegaard, 1847/1994), og her fins moglegheita for lindring. Denne prosessen viser seg i Ivan Iljitsj sin kamp mellom redsle, raseri, sorg og einsemd på den eine sida, og håp, lengsel, fellesskap, og til slutt døden der han opplever lys og glede på den andre sida.

Ivan Iljitsj sin veg fram mot å be sine næraste om tilgjeving handlar om å nå det evige og kjærleikens kjelda i hjartet sitt. Dette er ein meditatív reinsingsprosess som har preg av oppofring og å gje slepp på sin egosentrisitet. Prosessen hjelper ein til å forstå kva som har hindra ein i å leva som eit forsona og tilgjevande menneske. Trua på kjærleiken i ein sjølv er grunnlaget for å venda seg til andre for å be om tilgjeving. Då kan ein gløyma og utsletta det negative hjå den andre og leggja det vonde bak seg. Det handlar om å forsona seg og gjennom tilgjevinga tru at andre også ber kjærleiken i hjartet sitt. Å tilgje og å bli tilgitt krev at ein går den andre i møte og ber om tilgjeving før han eller ho rekk å be om det (Kierkegaard, 1847/1994). Det er dette me er vitne til når sonen og kona til Ivan Iljitsj kjem inn til han rett før han dør. Ynskjet om tilgjeving er gjensidig, og i tilgjevinga av kvarandre tilgjev dei seg sjølve. Slik kan denne stunda romma lidinga dei alle har bore på kvar for seg, og såleis får lidinga byta plass med kjærleiken. Djupast sett handlar tilgjeving om å elska seg sjølv slik at ein også kan elska andre menneske. Dette krev like mykje arbeid i offer i ein sjølv som det krev offer overfor den andre, seier Kierkegaard (1847/1994).

Det er tenaren Gerasim som er den sentrale personen den siste tida i Ivan Iljitsj sitt liv, og det er nærliggjande å spørja kva som gjer at Gerasim ikkje flyktar unna Ivan Iljitsj, slik familie, kollegaer og dei andre tenarane, men blir verande ved sida hans og tek del i lidinga hans. Kierkegaard (1847/1994) skriv at ved å ta for gitt, det vil seie å tru, at kjærleiken fins i den andre, kan det som i det ytre ser ut til å mangla hjå eit menneske, byggjast opp. Og trass i Ivan Iljitsj sitt hat og raseri klarar Gerasim gjennom omsorg og pleie å elska fram kjærleiken som fins i Ivan Iljitsj sitt hjarte slik at han til slutt kan be familien om tilgjeving. Gerasim snakkar i reine ord med Ivan Iljitsj om kva tilstanden hans handlar om og formidlar ei forstå-

ing for at sjukdom og død er eit felles menneskeleg vilkår og ein naturleg del av livet som krev omsorg og pleie. Kan det tenkjast at for Gerasim, som er bondegut og har levd tett på naturen sin rytme og livet sin gang, ber med seg ei forståing for kva prosess Ivan Iljitsj går gjennom og at det difor fell han naturleg korleis han må hjelpa Ivan Iljitsj gjennom dette? Kjærleiken kan i denne samanhengen sjåast som krafta i naturen sitt evige kretsløp, der offeret representerer døden. Ved å forsona seg med dette livsvilkåret kan eit menneske opna seg for tilgjevinga, det vil seie, forankra livet sitt i denne evige krafta ved å tru at ein er innfelt i ein større heilskap som ein deler med alt anna liv.

Gerasim si omsorg for Ivan Iljitsj viser at han ikkje berre fyller tenarrolla på ein audmjuk og tenestevillig måte slik ein tenar skal, men at han viser omsorg for Ivan Iljitsj som sin neste og gjev rom for at kjærleiken får råde mellom han og den lidande Ivan Iljitsj. Kierkegaard (1847/1994) skriv at når kjærleiken får verka mellom to menneske, forsvinn all ulikskap og ein vert vesentlig lik fordi kjærleiken utgjer menneska sin grunnlikskap som utslettar all verdsleg ulikskap. Å tena sin neste vert då ein måte å ofra seg på, ei oppgåve som ein tek på seg i glede. Relasjonen mellom Ivan Iljitsj og Gerasim utviklar seg til eit forhold mellom likemenn der Ivan Iljitsj kan snakka med Gerasim om det som plagar han. For Ivan Iljitsj er dette første gang i sitt vaksne liv at han går inn i eit slikt forhold. Kierkegaard (1847/1994) viser oss kor avgjerande dette er: Når to menneske vender seg mot kvarandre og deler kjærleik, kan ein komma i kontakt med kjærleiken i sitt eige hjarte. Dette handlar om å elska den andre, nesten, som seg sjølv ved å erkjenne at kjærleiken er eit felles åndeleg opphav (Kierkegaard, 1847/1994). Ein vert då ståande i kjærleikens gjeld til den andre og må tena den andre i kjærleikens gjerningar (Kierkegaard, 1847/1994). Dette er ein måte å bevare både seg sjølv og den andre i kjærleik. Dess meir ein elsker nesten, dess større vert gjelda, seier Kierkegaard (1847/1994). For Gerasim inneber dette at han ikkje forlet Ivan Iljitsj, men at han er uthaldande og tolmodig ved sida hans om han rasar, skrik og avviser alle, eller han sørger sårt og ynskjer trøyst og omtanke.

Gerasim viser oss det Kierkegaard (1847/1994) skriv om kjærleiken si audmjuke vilje til å vera ein tenande neste på ein måte som gjer kjærleiken verksam i gjerningane, det vil seie, han gjer kjærleiken som er skjult i hjartet synleg overfor den li-

dande Ivan Iljitsj. Når kjærleiken får vera til stades mellom to menneske, medfører det ein veremåte som tek det audmjukande og krenkande bort hjå den andre (Kierkegaard, 1847/1994). Dette kjem blant anna til syne ved at Gerasim ser ned eller bort når han hjelper Ivan Iljitsj med å kle av seg eller løfter han opp på ein toalettstol. Dette er eit døme på offer og sjølvfornekting der ein bringer seg sjølv av vegen og kjempar for den lidande si sak i løynd. På denne måten kan den lidande Ivan Iljitsj, så langt det er mogleg, tru at han klarar å hjelpa seg sjølv, noko som er viktig for han. Kierkegaard (1847/1994) samanliknar denne måten å arbeida på med naturen sin skjulte måte, der arbeidet kan kjennast att på fruktene. Reint konkret handlar det her om at Gerasim let kjærleiken utfalda seg gjennom pleia der han prøver å gjera situasjonen så verdig som mogleg for Ivan Iljitsj. Kjærleiken gjev den tenande eit handlag til å arbeida fram tilgjevinga hjå den andre, seier Kierkegaard (1847/1994), og ved måten Gerasim brukar enkle pleiereiskapar som vaskeklut og bekken, og korleis han til dømes held føtene til Ivan Iljitsj gjennom heile natta, som er den verste tida, pleier Gerasim fram Ivan Iljitsj sin veg gjennom offer, forsoning og tilgjeving. Dette er ein lindrande prosess som gjer at Ivan Iljitsj til slutt kan slutta fred med seg sjølv og sine næraste, og kan kjenna glede og ser lys når han døy. Gerasim ber bokstaveleg tala noko av byrdene til Ivan Iljitsj, og prøver på denne måten å lindra lidinga hans. Dette er eit uttrykk for barmhjertigheit, som forutan kjærleik og tru, også er ei gjerning for å bringa fram håpet hjå Ivan Iljitsj. Håp handlar om å opna moglegheitene i framtida og er det motsette av å gje opp eit menneske, seier Kierkegaard (1847/1994). Gjennom den omsorgsfulle pleia bringer Gerasim det evige inn i tida, det vil seie inn i sjukerommet og inn i Ivan Iljitsj sitt liv, ein bodskap om at ein ynskjer at det gode, kjærleiken, må sigra i den andre.

Tolstoj og Kierkegaard kastar lys på kjerna i den ontologiske etikken

Livet som Ivan Iljitsj levde, er gjenkjenneleg også i vår tid, og forteljinga til Tolstoj får ein til å undrast korleis ein moderne Gerasim, som i dag vil vera sjukepleiar, kan ta vare på ein lidande Ivan Iljitsj. På den tida Tolstoj skreiv forteljinga, vart folk i Ivan Iljitsj sitt samfunnslag pleia i heimen med hjelp blant anna frå tenarane. I dag har det offentlege helsevesenet ansvaret for desse oppgåvene. Den moderne, profesjonelle sjukepleia har vakse

fram og grunnpleia, den naturlege omsorga, og det er denne som er det særigne for profesjonen. Den naturlege omsorga ber i seg den ontologiske etikken (Eriksson, 1997), og hjå Tolstoj og Kierkegaard avspeglar denne etikken seg i form av offer, forsoning og tilgjeving.

Alvsvåg (2010) hevdar at kjærleiken er grunnlaget i helsevesenet, og at det vil falla saman utan denne. Men helsevesenet sine rammer og vilkår har fått meir og meir preg av ei bedriftsøkonomisk tenking der den utilitaristiske og deontologiske etikken vert vektlagd i større grad enn den ontologiske. Ifølgje Fitzgerald og van Hooft (2000) og Pask (2005) må sjukepleiarar stå imot eit stort ytre press for å ikkje mista si indre forankring. Likevel legg dei kjærleik og offer til grunn for si fagutøving (Fitzgerald & van Hooft, 2000; Pask, 2005; Thorkildsen, Eriksson & Råholm, 2015).

Spørsmålet vert korleis ein kan bevare kjærleiken i omsorga og ofra seg for det lidande mennesket på ein måte som gjer at ein ikkje mister krefter, men klarar å bevare seg sjølv. Gerasim viser oss at ein kan gå langt ut over det som er venta av ein, men likevel behalda si indre forankring, noko som er avgjerande for den lidande Ivan Iljitsj. Juchli (1990) hevdar at dersom ein omsorgsperson ikkje går gjennom ein ofrande prosess, kan ein bli absorbert av ytre forventningar fordi ein er ute av stand til å skilja eigne verdiar frå dei ytre krava. Og Pask (2005) meiner at gjennom offer kan ein ta vare på eigen profesjonalitet, men dei som ikkje maktar dette, skaper avstand mellom seg sjølv og den lidande. Då står ein i fare for å bli instrumentell og oppgåveretta utan personleg engasjement. Det kan igjen føra til ei kjensla av å ha svikta seg sjølv og å ha påført den lidande det Eriksson (1994) kallar pleieliding. Dette viser sjukepleiaren si sårbarheit, noko som kan få han/ho til å trekkja seg tilbake i ei meir egosentrisk orientering. Ein veit òg at mange sjukepleiarar og anna helsepersonell vert utmatta og kjenner på samvetstress (Juthberg, Eriksson, Norberg & Sundin, 2010; Ericson-Lidman, Norberg, Persson & Strandberg, 2013).

Kjærleiken si ofrande rørsle, slik den framstår hjå Kierkegaard (1847/1994), kan hjelpa sjukepleiaren til å halda fokus på verdiane som ligg til grunn for omsorg samstundes som han/ho tek vare på seg sjølv. Kierkegaard (1847/1994) skildrar kjærleiken si rørsle som dobbel, i retning innover og utover i mennesket på ei og same tid. Rørsla innover er, slik det tidlegare er skildra hjå Ivan Iljitsj, prega av ein meditatív reinsingsprosess der ein kjempar

med å gje slepp på sin egosentrisitet og det som hindrar ein i å leva som eit forsona og tilgjevande menneske. Denne prosessen bør også menneske som har omsorg for lidande gå gjennom fordi den hjelper ein med å forstå kva kamp den lidande står i. Prosessen kan òg hjelpa ein til å bevare seg sjølv i kjærleik slik at ein kan sjå bort frå seg sjølv og retta seg utover mot den lidande i barmhjertigheit (Thorkildsen, 2017). Helin og Lindström (2003) peikar på at offeromgrepet sitt doble innhald på den eine sida inneber å forsaka og avstå, på den andre sida inneber det å dedikera og eigna seg til nokon. Å avstå frå sitt eige skaper ein nødvendig asymmetri med krav om anerkjenning av den lidande (Helin & Lindström, 2003). Offeromgrepet sitt doble innhald kjem også fram som ei trong til å gje av seg sjølv noko som står i eit dialektisk forhold til den lidande si trong for omsorg (Thorkildsen et al., 2015). Sjukepleiarar skildrar dette offeret som å vera kvarandre sine gåver (Thorkildsen et al., 2015).

Ifølgje Eriksson (1995) er kjærleiken i hjartet det naturleg etiske i mennesket som gjer ein i stand til å la seg berøra av den andre si liding. Er ein avskoren frå kjærleiken, vert det vanskeleg å vera etisk i tanke og gjerning, meiner Eriksson (1995). I kjærleiken si innoverrørsle kan ein skapa eit indre etisk rom, eit etos, der den naturlege kjærleiken er sjølvkjerna. Å skapa seg dette indre etiske rommet inneber å velja kva verdiar ein vil leggja til grunn i omsorga for det lidande menneske. Pask (2005) skildrar sjukepleiarar si forståing av offer som å snu seg bort frå seg sjølv og mot det som har større verdi, noko som er godt i seg sjølv. Eit menneske som er forankra i etos, kjenner seg heil og heime i seg sjølv (Eriksson, 2003), ein kjenner seg trygg, og har mot og styrke til å villa realisera verdiane ein har tileigna seg. Ein kan også seia nei og vera tydeleg på kva ein kan og ikkje kan ta ansvar for (Thorkildsen, 2017). Eit menneske som ber på eit etos av den naturlege kjærleiken, også kalla caritas, får form av claritas, det vil seie ei utstråling som vitnar om indre harmoni, kraft og glede, seier Eriksson (1990). Eit menneske som strålar av claritas, har kjærleiken som si indre drivkraft og kjenner glede når det kan tena sitt medmenneske (Eriksson, 1990). Tolstoj skildrar Gerasim med claritas når han skriv at han utstrålar reinleik, friskheit, godleik og har ei livsglede som stråler i andletet hans.

Kjærleikens rørsle utover mot det lidande mennesket skaper moglegheit for å invitara den lidan-

de inn i eit fellesskap. I dette fellesskapet kan ein gjennom pleia trøysta den lidande slik at håpet og trua kan byrja å spira. Gerasim viser oss pleia som ei etisk gjerning som ber forsoning og tilgjeving i seg som ein skjult bodskap. Pleia opnar for nærleik og ulike former for å røra ved den lidande. Og når det lidande mennesket opplever at pleia lindrar, kan det medverka til at den lidande kjenner seg akseptert og verdig. Dette er å utøva den naturlege omsorga der ein hjelper den lidande til å ta imot kjærleik.

Kjærleikens doble, ofrande rørsle mot forsoning og tilgjeving, handlar om å underkasta omsorg for lidande menneske etiske vilkår som tek vare på både den lidande og omsorgspersonen. Den doble rørsla kan hjelpa omsorgspersonen til å utvikla den etiske tanken og haldninga. Ein kan ha merksemda retta mot den lidande samstundes som ein er vendt inn mot eige etos der ein reflekterer over eigne reaksjonar og kjensler, etiske dilemma og spørsmål i pleiesituasjonen (Thorkildsen, 2017). På denne måten kan ein få til å sjå klare når forhold i og rundt den lidande sin situasjon vert etisk og fagleg uforvarleg, og ein kan få styrke til å arbeida imot dehumanisering og instrumentalisering. I denne rørsla kan ein også veksa og utvikla seg som ansvarleg omsorgsperson med evne til sjølvoverskriding og handlekraft (Thorkildsen, 2017). Kjærleikens doble ofrande rørsle har på denne måten ein oppbyggjande og oppdragande funksjon. Det er ein dannande prosess der ein byggjer sin etiske karakter slik at ein kan forstå seg sjølv og si oppgåve som medmenneske. Kjærleikens doble, ofrande rørsle som etisk rørsle pålegg omsorgspersonen eit dobbelt ansvar: ansvaret for å danna seg sjølv og sine handlingar, samstundes som ein tek ansvar for å hjelpa det lidande menneske til å gå inn i si ofrande rørsle slik at han/ho får lidinga si lindra (Thorkildsen, 2017). På denne måten kan ein unngå å svikta seg sjølv og den lidande.

Konklusjon

Når ein les Tolstoj si forteljing «Ivan Iljitsj' død» i lys av Kierkegaard sine tekstar «Sygdommen til døden» og «Kjerlighedens gjerninger», stig kjærleg pleie og omsorg fram som ein avgjerande faktor for at lidande og døande menneske skal finna tilgjeving. I tilgjevinga kan eit menneske finna lindring fordi ein då kjem i kontakt med kjærleiken i hjartet sitt. Veggen fram mot tilgjeving er ein kamp som har preg av offer og forsoning. Denne proses-

sen må ein omsorgsperson også gå gjennom for å underkasta pleia og omsorga den naturlege kjærleiken. Offer er også kjærleikens rørsle, det er ein dobbel prosess som inneber å byggja omsorga for lidande menneske på ein ontologisk etikk der ein har merksemda retta mot den lidande samstundes som ein er vendt mot eige etos. Prosessen kan på denne måten hjelpa ein til å sjå klarare når forhold i og rundt den lidande sin situasjon vert etisk og fagleg uforsvarleg. Som ein dannande prosess kan offer medverka til å byggja omsorgspersonen sin etiske karakter.

NOTER

1 «Eg vil ikkje!»

REFERANSER

- Alvsvåg, H. (2010). På sporet av et dannet helsevesen: om nære pårørende og pasienters møte med helsevesenet. Oslo: Akribes.
- Charlton, B. & Verghese, A. (2010). Caring for Ivan Ilych. *Journal of General Internal Medicine*, 25(1), 93–95. <https://doi.org/10.1007/s11606-009-1177-4>
- Ericson-Lidman, E., Norberg, A., Persson, B. & Strandberg, G. (2013). Healthcare personnel's experiences of situations in municipal elderly care that generate troubled conscience. *Scandinavian Journal of Caring Sciences*, 27(2), 215–223. <https://doi.org/10.1111/j.1471-6712.2012.01017.x>
- Eriksson, K. (1987). *Vårdandets idé*. Stockholm: Almqvist & Wiksell.
- Eriksson, K. (1990). Pro caritate: en lägesbestämning av caritativ vård (Rapport Åbo Akademi 2/1990). Vasa: Institutionen för vårdvetenskap, Åbo Akademi.
- Eriksson, K. (1994). *Den lidande människan*. Stockholm: Liber Utbildning.
- Eriksson, K. (1995). Mot en caritativ vårdetik. I K. Eriksson (Red.), *Mot en caritativ vårdetik* (s. 9–39). Vasa: Institutionen för vårdvetenskap, Åbo Akademi.
- Eriksson, K. (1997). *Vårdandets idé*. Stockholm: Liber.
- Eriksson, K. (2003). Ethos. I K. Eriksson & U. Å. Lindström, (Red.), *Gryning II: klinisk vårdvetenskap* (s. 21–34). Vasa: Institutionen för vårdvetenskap, Åbo Akademi.
- Eriksson, K. (2018). *Vårdvetenskap. Vetenskapen om vårdandet. Om det tidlösa i tiden*. Stockholm: Liber.
- Fitzgerald, L. & van Hoof, S. (2000). A Socratic Dialogue on the Question 'What is Love in Nursing?' *Nursing Ethics*, 7(6), 481–491. <https://doi.org/10.1177/096973300000700604>
- Floriani, C. & Schramm, F. R. (2010). Journey of struggle: Kalothanasia and the hospice way of dying. *Palliative and Supportive Care*, 8(4), 461–468. <https://doi.org/10.1017/S1478951510000349>
- Helin, K. & Lindström, U. Å. (2003). Sacrifice: an ethical dimension of caring that makes suffering meaningful. *Nursing Ethics*, 10(4), 414–427. <https://doi.org/10.1191/0969733003ne6220a>
- Juchli, L. (1990). *Heilen durch wiederentdecken der ganzheit* (4. utgave). Stuttgart: Kreuz Verlag.
- Juthberg, C., Eriksson, S., Norberg, A. & Sundin, K. (2010). Perceptions of conscience, stress of conscience and burnout among nursing staff in residential elder care. *Journal of Advanced Nursing*, 66(8), 1708–1718. <https://doi.org/10.1111/j.1365-2648.2010.05288.x>
- Karlsson, M., Sivonen, K. & von Post, I. (2007). 'Bry sig om' — en begreppsanalys. *Nordic Journal of Nursing Research*, 27(4), 38–43. <https://doi.org/10.1177/010740830702700408>
- Kierkegaard, S. (1847/1994). *Opbyggelige taler i forskjellige aar; Kjerlighedens gjerninger*. Samlede værker, bind 11–12 (5. utgave, gjennomlest og ajourført av Peter P. Rohde). København: Gyldendal.
- Kierkegaard, S. (1849/1994). *Christelige taler*. Samlede værker, bind 13–15 (5. utgave, gjennomlest og ajourført av Peter P. Rohde). København: Gyldendal.
- Papadimos, T. J. & Stawicki, S. P. A. (2011). The death of Ivan Ilych: A blueprint for intervention at the end of life. *International Journal of Critical Illness and Injury Science*, 1(2), 125–128. <https://doi.org/10.4103/2229-5151.84798>
- Pask, E. J. (2005). Self-sacrifice, self-transcendence and nurses' professional self. *Nursing Philosophy*, 6(4), 247–254. <https://doi.org/10.1111/j.1466-769X.2005.00215.x>
- Råholm, M.-B. (2002). Weaving the Fabric of Spirituality as Experienced by Patients who have Undergone a Coronary Bypass Surgery. *Journal of Holistic Nursing*, 20(1), 31–47. <https://doi.org/10.1177/089801010202000104>
- Söderlund, M. (2017). *Vårdande*. I L. Wiklund Gustin & I. Bergbom (Red.), *Vårdvetenskapliga begrepp i teori och praktik* (2. utgave, s. 295–307). Lund: Studentlitteratur AB.

- Taylor, S. L. (1997). The Gerasim model of caregiving: reflections on Tolstoy's novella, the death of Ivan Ilyich. *Death Studies*, 21(3), 299-304.
<https://doi.org/10.1080/074811897201994>
- Thorkildsen, K. M., Eriksson, K. & Råholm, M.-B. (2015). The core of love when caring for patients suffering from addiction. *Scandinavian Journal of Caring Sciences*, 29(2), 353-360.
<https://doi.org/10.1111/scs.12171>
- Thorkildsen, K. M. (2017). *Kjærlighetens vesen i møte med lidelse* (Doktoravhandling). Åbo Akademi, Vasa.
- Tolstoj, L. N. (1886/1996). *Ivan Iljitsj' død* (Oversatt av O. Rytter). Oslo: Gyldendal.
- Young-Mason, J. (1988). Tolstoj's *The death of Ivan Ilych*: a source for understanding compassion. *Clinical nurse specialist*, 2(4), 180-183.
- Zohouri, M., Amini, M. & Sagheb, M. M. (2017). Fourth year medical students' reflective writing on «death of Ivan Ilych: a qualitative study. *Journal of advances in medical education & professionalism*, 5(2), 73-77.